



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Fylkesmannen
v/Frida Farstad Brevik

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
14.03.2019		4025/2019	2016/997	Tone Roaldsnes 71 18 40 40

Faktagrunnlag frå Vestnes kommune - grensejustering Vågstranda

Viser til epost av 7.mars der det blir bede om bistand til utarbeiding av faktagrunnlag i samband med spørsmål om grensejustering.

Avgrensing:

Vi tek ikkje med opplysningar om pendling, handel i Vestnes eller andre statistiske opplysningar då vi reknar med at dette er fakta som fylkeskommunen si plan- og analyseavdeling vil frambringe.

Utmarkressursar:

Vestnes kommune er samd i vurderingane frå Vågstranda Vel vedkommande utmarksressursane. Dersom ein t.d. ser på ein av dei viktigaste utmarksressursane våre, hjort, er det ikkje unaturleg med ei felles forvaltning mellom Vågstranda og Daugstad/Vike. Ein kan heller ikkje sjå at ei endring av kommunegrense skal få negative konsekvensar for andre brukarinteresser i området. I høve arealressursar og spesielle geografiske tilhøve finn vi ikkje negative konsekvensar ved ei grensejustering.

Kulturskule/bibliotek:

Pr i dag har kulturskulen 3 elevar som er busette på Vågstranda. Det er mange som tek kontakt kvart år, men dei fleste får avslag, sidan dei soknar til Rauma. Politikken mellom kulturskulane er at ein ikkje skal «ta» elevar frå kvarandre. Unntaket er dersom bukommunen ikkje har tilbod i faget.

Biblioteket har 40 lånarar frå Vågstranda.

Barnehage:

Ved Vike Montessoribarnehage i Vestnes er det pr i dag 1 barn frå Vågstranda. Ytterlegare 2 born søkte om plass frå hausten 2018, men fekk avslag då dei bur i Rauma kommune. Det har tidlegare år vore noko fleire born frå Rauma i barnehage på Vike. Ingen nye søkjarar for barnehageåret 2019/2020.

Vestnes kommune har valt ein desentralisert barnehagestruktur, uavhengig av skulestruktur.

Postadresse:

Rådhuset
6390 Vestnes

www.vestnes.kommune.no

Telefon:

71 18 40 00

Telefaks:

71 18 40 01

Org.nr.

939 901 965

E-post: postmottak@vestnes.kommune.no

Vestnes vaksenopplæring:

Det har kome henvendelsar frå Vågstranda med ønskje om å delta i norskopplæring med samfunnskunnskap i Vestnes siste åra. Frå 2016 – 2018 vart det inngått ein avtale mellom Vestnes og Rauma kommunar om at ein person frå Vågstranda med rett og plikt fekk gå i Vestnes.

Elles kjem det personar utan rett og plikt/ betalingslevar frå området som ønskjer å ta norskopplæring i Vestnes. Dei er frie til å melde seg på kor hen dei vil, då dei betaler for opplæringa sjølve. I 2018 deltok 1 betalingslev frå Vågstranda på kurs i Vestnes.

Grunnskule:

Det har tidlegare vore nokre henvendingar frå Vågstranda om å få gå på skule i Vestnes sentrum, men førebels er det ikkje inngått slike avtalar. Ved Vike Montesorriskule i Vestnes er det pr i dag 4 elevar frå Hjelvik/Vågstranda.

Kapasitet i Vestnes: Dette vil vere avhengig av kva vedtak Vestnes kommunestyre gjer når det gjeld skulestruktur. (Vedtak venteleg i slutten av mars 2019)

Friskulen på Vike har, så langt vi kjenner til, få ledige elevplassar. Elevtalet i Vestnes er sterkt synkende. Kommunestyret har allereie gjort vedtak om at det skal vere ein felles ungdomsskule for heile kommunen på Helland i Vestnes. Frå Vågstranda til Helland er det ca 14 km/14 minutt med bil.

Kor mange skular i kommunen som skal ha 1.-7.årstrinn er det endå ikkje teke stilling til. Det er føreslått å overføre elevane frå Tresfjord til Helland allereie frå hausten 2019.

Ei evt. grensejustering vil venteleg verte gjeldande frå 2021. Av analysen går det fram at det frå hausten 2021 vil vere god plass på Helland skule til både elevar frå Tresfjord, Hjelvik og Vågstranda.

Elevtall Vågstranda 2019-2020 og Vågstranda-Helland- Tresfjord					
Klasse	Elevar Vågstranda	Elevar Helland	Elevar Helland m/tresfjord	Elever Helland-Vågstranda	Tres/Helland/vågstranda
1	1	26	30	30	31
2	3	50	54	53	57
3	5	24	30	29	35
4	1	36	42	37	43
5	8	35	42	43	50
6	5	36	42	41	47
7	5	31	32	36	37
8	4	36	44	50	48
9	8	54	56	62	64
10	5	56	58	61	63

Fastlege:

195 innbyggjarar frå Rauma har fastlege i Vestnes. Leiar for legesenteret anslår at ca 175 av desse kjem frå Vågstranda.

Helse- og omsorgstenester:

Vestnes kommune v/tenestekontoret mottok av og til førespurnad om helse- og omsorgstenester frå innbyggjarar i Rauma. Det gjeld oftast innbyggjarar som har fastlege i Vestnes, og førespurnaden kjem ofte via fastlegen. Det har også kome førespurnader om institusjonsopphald. I følgje fysioterapitenesta i kommunen er det fleire frå Rauma som nyttar fysioterapitenester i Vestnes.

Det er ikkje gjort noko grundig vurdering av kva verknad framtidig auke i innbyggartalet vil få for pleie- og omsorgstenestene ved ei grensejustering. I følgje KOSTRA har Vestnes ein dekningsgrad på institusjonsplassar for eldre over 80 år som ligg over snitt både for fylket og for landet. Bygging av eit nytt helsehus er i gang. Bygget vil ha 64 institusjonsplassar. Talet på plassar er ikkje auka samanlikna med dagens situasjon. Evt auka behov for heildøgns plassar må i følgje våre planar supplerast ved bygging av fleire omsorgsbustader, eller ved omgjerung av sentraliserte bustader som opprinneleg vart bygt til psykisk utviklingshemma. Dette må utgreiast på breiare grunnlag dersom grensejustering vert gjennomført.

Det same gjeld utviding av heimebaserte tenester. Det er likevel ikkje tvil om at Vestnes kommune må auke bemanninga i heimebaserte tenester på dag, kveld og natt dersom grensejustering vert gjennomført frå 2021. Det er også sannsynleg at Vestnes kommune vil få auka press på tilhøyrande tenester som t.d. dagsenter, ergoterapi og fysioterapi. Ved auka folketal vil det nok bli naudsynt også å oppskalere desse tenestene i noko grad.

Dette dokumentet vert berre sendt elektronisk.

Med helsing

Tone Roaldsnes
administrasjonssjef